



DET KONGELEGE
UTDANNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 91

(2004–2005)

Om lov om endringer i opplæringslova og friskolelova

(Om faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap og rett til avgrensa fritak)

*Tilråding frå Utdannings- og forskingsdepartementet av 29. april 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

1.1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Denne proposisjonen inneheld forslag om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) og i lov 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skolar (friskolelova).

Lovforslaget frå departementet er ein del av oppfølginga av dei synspunkt FN's menneskerettsskomité har fremja i fråsegn av 3. november 2004. Fråsegna konkluderer med at ramma rundt faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap (KRL), m.a. ordninga med delvis fritak slik denne har vore gjennomført når det gjeld dei som har vendt seg til komiteen om saka, er i strid med artikkel 18 nr. 4. i FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar. Denne artikkelen omhandlar den fridom foreldre har til å sørgje for den religiøse og moralske oppsedinga av barna sine.

Lovforslaget inneheld følgjande endringar:

- Føresegna om at den som skal undervise i KRL-faget, skal ta utgangspunkt i formålet i lova, blir oppheva.
- Omgrepet »evangelisk-luthersk tru» blir erstatta med »evangelisk-luthersk kristendomsforståing».

- Føresegna om fritak blir skild ut som eiga føresegn.
- Omgrepet »religiøse aktivitetar» blir erstatta med »aktivitetar».
- Plikt for skoleeigaren til å gi informasjon om reglane for fritak blir lovfesta.

I tillegg blir det foreslått enkelte presiseringar i føresegna om KRL-faget og i føresegna om fritak.

2 Bakgrunnen for forslaget om lovending

2.1 Historikk

Kristendoms-kunnskap med religions- og livssynsorientering (KRL) vart innført i grunnskolen som obligatorisk fag frå hausten 1997, jf. lovvedtak 19.06.1997 nr. 83 og Innst. O. nr. 95 (1996–97). Faget var innført på alle klassetrinn i skoleåret 1999 – 2000. Det opphavlege utgangspunktet for utviklinga av faget ligg i NOU 1995:9 *Identitet og dialog*.

Det er lagt til grunn at KRL-faget er eit ordinært skolefag på linje med dei andre faga i skolen. Faget skal gi kunnskap om religionar og livssyn, ikkje opplæring til ei bestemt tru. Faget skal vere ope, medverke til innsikt, respekt og dialog på tvers av

trus- og livssynsgrenser og fremje forståing og toleranse i religiøse og moralske spørsmål. Formålet er å få til eit samlande skolefag, der elevane så langt som mogleg deltek i ei felles undervisning. Dette skal gi eit vesentleg bidrag til det felles kunnskaps-, kultur- og verdigrunnlaget dagens samfunn bygger på, med innslag frå ulike kulturar, religionar og livssyn. Undervisninga skal gjennomførast med respekt for livssynsbakgrunnen til elevane, stimulere til allsidig danning og vere med på å skape felles kulturelle referanserammer.

Faget har vore behandla av Stortinget i fleire samanhengar, m.a. er spørsmål knytte til fritaksretten blitt vurderte fleire gonger. I Innst. S. nr. 103 (1995–96) om St.meld. nr. 14 (1995–96) om KRL-faget bad fleirtalet om å få ei oversikt over praktiseringa av fritaksretten etter at fritaksreglane hadde vore i bruk i ein treårsperiode. På grunnlag av m.a. to uavhengige evalueringar av KRL-faget, sette i gang av Noregs forskingsråd, vart det vedteke å gjennomføre ein omfattande revisjon av læreplan og fritaksordning. St.meld. nr. 32 (2000–2001) og Innst. S. nr. 240 (2000–2001) gav grunnlaget for revisjonsarbeidet. Reglane for fritak vart gjorde tydelege, og innhaldet i sjølve faget vart forenkla med verknad frå høvesvis oktober 2001 og skoleåret 2002/03. Namnet på faget vart endra til *kristendoms-, religions- og livssynskunnskap*, m.a. for å klargjere den kvalitative likestillinga mellom dei ulike delane av faget.

Dei siste åra har det vore auka internasjonal merksemd om det bidrag skolen gir til å styrkje den interkulturelle dialogen mellom nasjonar og religionar. Manglande kunnskap om den kulturelle og trusmessige bakgrunnen hos andre har vore brukt for å skape konflikter. Derfor har m.a. UNESCO og Europarådet sett på den rolla skolen har i å medverke til dialog, forståing og toleranse i religiøse spørsmål.

2.2 Rettsbehandlinga i Noreg

KRL-faget førte til kritikk frå ulike livssynssamfunn, og i 1998 vart staten saksøkt med krav om rett til fullt fritak frå faget, med den grunngevinga at gjennomføringa av faget med avgrensa rett til fritak representerer brott på FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar og på Den europeiske menneskerettskonvensjonen. Saka er behandla i alle norske rettsinstansar. Borgarting lagmannsrett frifann staten og fann at det innanfor dei formelle rammene om faget er mogleg å gjennomføre ei avgrensa fritaksordning slik det er føreset. Den 22. august 2001 stadfesta Høgsterett dommen i lagmannsretten.

Etter avgjerda i Høgsterett klaga saksøklarane Noreg inn for FNs menneskerettskomité og for Den europeiske menneskerettsdomstolen, med påstand om at faget og mangelen på fullt fritak er i strid med konvensjonen om sivile og politiske rettar og med Den europeiske menneskerettskonvensjonen.

2.3 Fråsegna frå FNs menneskerettskomité

På grunnlag av klagen har FNs menneskerettskomité i fråsegn av 3. november 2004 retta kritikk, mot fritaksordninga, mot påstått religionsutøving i faget og mot forholdet mellom faget og uttrykket «kristen og moralsk oppseding» i opplæringslova § 1–2 om formålet med opplæringa.

Komiteen har fremja synspunkt om at ramma rundt KRL-faget er i strid med artikkel 18 nr. 4 i FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar, som omhandlar den fridom foreldre har til å sørje for den religiøse og moralske oppsedinga av barna sine. Fråsegna er formelt sett ikkje bindande for Noreg som ein dom, men komiteen er det einaste internasjonale organ som uttaler seg autoritativt om konvensjonen, som er ein del av norsk lov.

Eit vesentleg punkt i fråsegna frå FNs menneskerettskomité var om obligatorisk undervisning i KRL utan fullt høve til fritak er i strid med artikkel 18 i konvensjonen.

Komiteen uttaler at religionsundervisning og livssynsundervisning i den offentlege skolen ikkje vil vere i strid med artikkel 18, dersom det skjer på ein nøytral og objektiv måte, men at offentleg opplæring som omfattar undervisning i ein særskild religion eller ei særskild tru, vil vere i strid med artikkel 18, med mindre det er opna for ikkje-diskriminerande høve til fritak eller andre alternativ som kjem foreldra sine ønske til møtes.

I den konkrete vurderinga av om undervisninga i KRL-faget «blir gjennomført på ein nøytral og objektiv måte» føretek komiteen ei heilskapsvurdering. Komiteen viser til sambandet mellom paragrafane 2–4 (om KRL-faget) og 1–2 (formålsparagrafen) i opplæringslova. Komiteen viser vidare til at enkelte aktivitetar i KRL-faget tilsynelatande ikkje berre er religionsundervisning, men også religion-utøving. Komiteen konkluderer derfor med at undervisninga i KRL-faget ikkje kan seiast å vere nøytral eller objektiv, med mindre fritakssystemet faktisk inneber at den undervisninga som blir tilboden til desse barna, er nøytral og objektiv.

Komiteen går deretter over til å vurdere om ordninga med delvis fritak kan sjåast på som ikkje-diskriminerande fritak eller alternativ som kan

komme foreldra sine ønske til møtes, og kjem til at det ikkje er tilfelle. Komiteen ser det slik at den gjeldande ordninga med delvis fritak ikkje kan aksepteras ettersom ho pålegg foreldra ei betydeleg byrde ved at dei må setje seg inn i dei enkelte delane av faget for å finne ut kva dei måtte føle behov for å søkje om – og grunngi – fritak for. Komiteen uttaler vidare at ei eventuell belastning for barna ved delvis fritak kan innebere at foreldre kvir seg for å nytte dette høvet. Komiteen peiker også på at religionsorientering og religionsutøving i dagens praksis er så lite åtskilde at fritaksordninga ikkje er praktiserbar.

Komiteen pålegg Noreg å gi klagarane ei effektiv og formålstenleg utbetring. Vidare blir det påpeikt at Noreg er forplikta til å unngå liknande brott i framtida.

2.4 Regjeringa sitt forslag til oppfølging

Regjeringa har teke fråsegna frå FN-komiteen til etterretning, og foreslår å gjere dei endringane i føresegnene om faget kristendoms-, religions- og livssynsorientering, reglane for fritak og i læreplanen for faget, som er nødvendige for å komme synspunkta til komiteen, til møtes:

1. Føresegna i § 2–4, om at den som skal undervise i faget, skal ta utgangspunkt i formålet i § 1–2, blir fjerna.
2. Dei ulike religionar og livssyn får same kvalitative omtale i måla for faget. Dagens fordeling av sentralt lærestoff mellom ulike religionar og livssyn blir halden ved lag.
3. Føresegna i § 2–4 om fritak blir skild ut som eiga føresegn. Fritaksordninga må ta tilstrekkeleg omsyn til foreldra sine rettar / minoritetsvernet. Reglane for melding om fritak blir forenkla, og den plikt skolen har til å gi informasjon, blir teken inn i lova. Det skal sendast informasjon til skolane om praktiseringa av fritaksordninga.
4. Læreplanen blir endra slik at det blir eit tydelegare skilje mellom element som kan oppfatast som religiøs utøving og element som ikkje kan det. Ny læreplan blir utvikla som ein del av oppfølginga av St.meld. nr. 30 (2003–2004). Det blir halde fast ved den fastsette fordelinga mellom delane i faget.
5. Vala av arbeidsmåtar skal presiserast i innleiinga til læreplanen og i ei eiga rettleiing for faget, for å avgrense moglegheitene for at delar av opplæringa skal kunne opplevast som utøving av religion. Varierte og engasjerande arbeidsmåtar skal framleis medverke til å formidle alle

sider ved faget, og bestemte arbeidsmåtar skal ikkje utelukkast. Det skal presiserast at arbeidsmåtar som kan opplevast slik at dei ligg tett opp til religionsutøving, krev spesiell varsemd frå lærarane si side, under dette tilbod om tilpassa opplæring.

6. Ein bør vere romsleg når det gjeld ønske frå foreldre om tilpassa opplæring for barna deira. Om nødvendig skal det likevel opnast for mellombels fullt fritak for foreldre som ønskjer det, inn til den foreslåtte, varige ordninga trer i kraft. Dei foreslåtte endringane blir sette i verk frå skoleåret 2005/06.
7. Iverksetjinga av tiltaka frå hausten 2005 medfører behov for styrkt kompetanse hos lærarane. Regjeringa vil starte kompetanseutviklinga så snart den nye læreplanen ligg føre.

3 Høringa

Høringsbrev med forslag om lovendringar vart sendt til høring 8. februar 2005. Fristen for å komme med fråsegner var 29. mars 2005. Departementet har fått om lag 75 høringsfråsegner. Det er gjort nærmare greie for dei syn høringsinstansane har fremja i tilknytning til dei enkelte forslaga i proposisjonen.

Høringsbrevet vart sendt til desse instansane:

Akademikerne
 Antirasistisk Senter
 Baha'i-samfunnet i Norge
 Barneombodet
 Buddhistforbundet
 Departementa
 Det Mosaiske Trossamfund
 Elevorganisasjonen
 Foreldreutvalet for grunnskolen – FUG
 Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon – FFO
 Fylkeskommunane
 Fylkesmennene
 Gurduara Sri Guru Nanak Dev Ji
 Human-Etisk Forbund
 Innvandrernes Landsorganisasjon – INLO
 Islamsk Råd Norge
 Jesu Kristi Kirke av Siste Dagers Hellige
 Kyrkerådet
 Kommunane
 Kommunenes Sentralforbund – KS
 Kontaktutvalet mellom innvandrere og myndighetene – KIM
 Kristne Friskolers Forbund
 Landslaget for udelt og fådelt skole – LUF
 Landsorganisasjonen i Norge – LO

Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner	Fylkesmannen i Østfold
Likestillingsombodet	Gjesdal kommune
Lærerorganisasjonane	Halden kommune
Mellomkyrkjeleg råd	Helse- og omsorgsdepartementet
Menighetsfakultetet	Holistisk forbund
Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring – NAFO	Human-Etisk Forbund
Norges Frikirkeråd	Høgskolen i Agder
Norges Røde Kors	Høgskolen i Hedmark
Norsk Lærerakademi	Høgskolen i Nesna
Norsk Organisasjon for Asylsøkere – NOAS	Høgskolen i Oslo
Norsk senter for menneskerettar	Høgskolen i Sør-Trøndelag
Norsk skoleleiarforbund	Høgskolen i Vestfold
Norske Friskolers landsforbund	Høgskolen i Vestfold
Næringslivets Hovedorganisasjon – NHO	Høgskolen i Volda
Organisasjonen mot offentlig diskriminering – OMOD	Hå kommune
Oslo Katolske Bispedømme	Islamsk Råd Noreg
Oslokoalisjonen for tros- og livssynsfrihet	Justis- og politidepartementet
Riksrevisjonen	Kirkelig pedagogisk senter
Rådet for innvandrersorganisasjoner i Oslo	Klepp kommune
Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn	Kommunal- og regionaldepartementet
Sametinget	Kommunenenes Sentralforbund
Sanatan Mandir Sabha	Kontaktutvalet mellom innvandrere og myndighetene – KIM
Senter mot etnisk diskriminering – SMED	Landsorganisasjonen i Norge – LO
Sikh Center & Gurudwara Organization	Larvik kommune
Sivilombodsmannen	Likestillingsombodet
SOS Rasisme	Meråker kommune
Statens råd for funksjonshemma	Moderniseringsdepartementet
Styra for dei private grunnskolane	Nesseby kommune
Styra for dei statlege skolane	Norsk Lærerakademi
Styra for friskolane	Norsk Skoleleiarforbund
Teologisk fakultet, UiO	Norsk Studentunion
Universitet og høgscolar	Nærings- og handelsdepartementet
Universitets- og høgskolerådet	Oslo kommune
Utdanningsgruppenes Hovedorganisasjon – UHO	Porsgrunn kommune
Utlendingsdirektoratet	Sametinget
VOX – Vaksenopplæringsinstituttet	Senter mot etnisk diskriminering
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund – YS	Søgne kommune
	Sør-Odal kommune
	Telemark fylkeskommune
	Tromsø kommune
Desse instansane har komme med realitetsfråsegner:	Trondheim kommune
Alta kommune	Tysvær kommune
Austrheim kommune	Universitetet i Oslo
Barneombodet	Utdanningsforbundet
Den norske kirke	Utdanningsgruppenes Hovudorganisasjon
Det teologiske menighetsfakultet	Utlendingsdirektoratet
Foreldreutvalet for grunnskolen – FUG	Vox
Fylkesmannen i Finnmark	Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund
Fylkesmannen i Oppland	Østfold fylkeskommune
Fylkesmannen i Oslo og Akershus	
Fylkesmannen i Rogaland	Desse høringsinstansane har ikkje merknader til utkastet:
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag	Arbeids- og sosialdepartementet
Fylkesmannen i Vestfold	Barne- og familiedepartementet

Fiskeri- og kystdepartementet
 Forsvarsdepartementet
 Fylkesmannen i Buskerud
 Høgskolen i Bergen
 Høgskolen i Telemark
 Landbruks- og matdepartementet
 Olje- og energidepartementet
 Samferdselsdepartementet
 Universitetet i Bergen
 Universitets- og høgskolerådet

4 Føresegna om faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap

4.1 Gjeldande rett

KRL-faget har formål og innhald bestemt i opplæringslova § 2–4, første til tredje ledd, med denne ordlyden:

«Undervisninga i kristendoms-, religions- og livssynskunnskap skal

- gje grundig kjennskap til Bibelen og kristendommen som kulturarv og evangelisk-luthersk tru,
- gje kjennskap til andre kristne kyrkjesamfunn,
- gje kjennskap til andre verdsreligionar og livssyn, etiske og filosofiske emne,
- fremje forståing og respekt for kristne og humanistiske verdiar og
- fremje forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulik oppfatning av trudoms- og livssynsspørsmål.

Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap er eit ordinært skolefag som normalt skal samle alle elevar. Undervisninga i faget skal ikkje vere forkynnande.

Den som skal undervise i kristendoms-, religions- og livssynskunnskap, skal ta utgangspunkt i grunnskolen sin føremålsparagraf i § 1–2 og presentera kristendommen, dei ulike religionar og livssyn ut frå sin eigenart. Dei same pedagogiske prinsipp skal leggjast til grunn for undervisninga i dei ulike emne.»

4.2 Høringsforslaget frå departementet

I høringsforslaget la departementet fram forslag om å gjere endringar i føresegna om faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap.

4.2.1 KRL-faget: innhald og arbeidsmåtar

Dagens føresegn gir kvantitativ prioritet til kristendommen, men legg samtidig opp til at dei ulike

verdsreligionane og livssyna skal presenterast etter dei same pedagogiske prinsippa. I gjeldande føresegner om KRL-faget kjem eit større kvantitativt omfang m.a. til uttrykk ved at beskrivinga av innhaldet i kristendommen inneheld ordet «grundig», og ved at føresegna om kristendommen har fleire innhaldsmoment enn andre verdsreligionar og livssyn.

I høringsbrevet peikte departementet på at det er viktig at dei ulike verdsreligionane og livssyna blir sikra kvalitativt likeverdig behandling. Departementet meinte at det likevel er naturleg at kristendommen har ein større kvantitativ del, slik Stortinget tidlegare har gått inn for i behandlinga av St.meld. nr. 32 (2000–2001). Der føresette fleirtalet at fagstoffet skulle vektast slik at kristendommen beheldt ein større kvantitativ del, slik det er angitt i læreplanen i L97. I høringsbrevet peiker departementet på at fråsegna frå FN-komiteen ikkje er til hinder for at kristendoms-kunnskap framleis kan ha eit større kvantitativt omfang.

Departementet foreslo å sikre eit større kvantitativt omfang av kristendomsfagleg lærestoff ved at den betydning Bibelen og kristendommen har hatt for utviklinga av norsk historie og kultur, får ei eiga grunngeving i eit eige punkt i føresegna, og dessutan ved at ordet «grundig» blir behalde i dei to ledda om kristendoms-kunnskap. I høringsutkastet vart eit større kvantitativt omfang grunnlagt m.a. med den betydning Bibelen og kristendommen har hatt for utviklinga av norsk historie og kultur.

Det første leddet i dei gjeldande føresegnene inneheld omgrepet «evangelisk-luthersk tru». Framleis er meir enn 85 % av befolkninga medlemmer i Den norske kyrkja, som er evangelisk-luthersk. Departementet peikte derfor på at det kan vere rimeleg å behalde vektlegginga av evangelisk-luthersk kristendomsforståing, både fordi det er den dei fleste elevar og skolar vil kunne studere i sitt lokalmiljø, og fordi ho har prega det norske samfunnet sidan reformasjonen. Derimot kan bruken av ordet «tru» utelukkande i samanheng med omgrepet «evangelisk-luthersk» gi inntrykk av at evangelisk-luthersk tru skal givast forrang i høve til trusoppfatningar i andre kyrkjesamfunn og andre religionar. Departementet foreslo å behalde vektlegginga av evangelisk-luthersk kristendomsforståing. For å sikre kvalitativt likeverdig behandling av religionar og livssyn, og fjerne inntrykket av eit truselement, vart det foreslått å endre omgrepet «evangelisk-luthersk tru» til «evangelisk-luthersk kristendomsforståing».

Føresegna om KRL-faget fastslår at kristendommen og dei ulike religionar og livssyn skal presenterast ut frå deira eigenart, og at dei same pedago-

giske prinsippa skal leggjast til grunn. FN-komiteen peiker på at praktiseringa av faget i konkrete tilfelle har hatt preg av å vere utøving av religion. Det tyder på eit behov for å presisere at skolane må vise særleg aktsemd ved praktisering og val av arbeidsmåtar, og sjå til at når elevar får fritak frå delar av den ordinære undervisninga, må det følgjast opp med eigna tilbod om tilpassa opplæring.

I høringsbrevet peikte departementet på at vala av arbeidsmåtar i KRL-faget skal følgje dei same prinsippa som i all anna opplæring, og medverke til variert og tilpassa opplæring. Undervisninga må gi elevane kjennskap til forskjellige religionar og livssyn, også den funksjon dei har som tradisjon og som kjelde til tru, moral og livstolking. Lærarane må møte alle elevar med respekt for deira trus- og livssynsbakgrunn. Når skolane utformar sine lokale undervisningsplanar, må det takast omsyn til samansetnaden av den elevgruppa ein faktisk skal undervise. Ei slik lokal tilpassing er heimla for faget og er spesielt viktig på småskoletrinnet.

I høringsutkastet foreslo departementet at varierte og engasjerande arbeidsmåtar framleis skal medverke til å formidle alle sider ved faget, og at bestemte arbeidsmåtar ikkje skal utelukkast. Det vart presisert at arbeidsmåtar som kan oppfattast slik at dei ligg tett opptil religionsutøving, krev spesiell varsemd frå lærarane si side, eventuelt tilbod om tilpassa opplæring. Val av arbeidsmåtar vil bli klart omtalte i innleiinga til læreplanen og i ei eiga rettleiing for faget, for å hjelpe skolane og så langt som mogleg å unngå at delar av opplæringa skal kunne opplevast som utøving av religion.

4.2.2 Føresegna om å at den som underviser i KRL-faget, skal ta utgangspunkt i formålsparagrafen for grunnskolen

I fråsegna peiker FN-komiteen på spenningar og motsetning mellom formålsparagrafen for skolen og § 2–4. Føresegna i § 2–4 slår fast at undervisninga i faget ikkje skal vere forkynnande. Samtidig seier føresegna at den som skal undervise i faget, skal ta utgangspunkt i formålet i § 1–2. Departementet peikte i høringsutkastet på at denne føresegna kan skape uklare oppfatningar av kva det inneber at faget ikkje skal vere forkynnande, og gi rom for motsetningsfylte tolkingar.

Departementet gjekk derfor inn for å fjerne tilvisinga til formålet i § 1–2 frå føresegna om KRL-faget i § 2–4. Dermed vil faget si rolle som eit ordinært og samlande fag for kunnskap, forståing og dialog, blir tydelegare. Ei slik endring vil samtidig komme fråsegna frå FN-komiteen på dette punktet til møtes.

Formålet med opplæringa i grunnskolen er fastsett i opplæringslova § 1–2 og gjeld for alle fag og all opplæring i skolen. I høringa viste departementet til at KRL-faget skal vere eit ordinært skolefag på linje med andre fag. Etter forslaget om å fjerne tilvisinga til formålet i § 1–2 frå føresegna om KRL-faget i § 2–4, meinte departementet at formålsparagrafen ikkje har noka særeiga betydning for det nye KRL-faget sett i høve til andre fag. § 1–2 i opplæringslova vart derfor ikkje teken opp til nærmare behandling i høringsbrevet. Dersom denne paragrafen skulle takast opp til nærmare vurdering, måtte det etter departementet si meining vere i ein annan og atskilleg breiare samanheng enn i høve til KRL-faget aleine.

4.2.3 Namnet på faget

I St.meld. nr. 32 (2000–2001) om evaluering av det daverande faget *Kristendoms-kunnskap med religions- og livssynsorientering* vart det peikt på at namnet kunne gi feil signal om intensjonane med faget. Det kunne argumenterast for at namnet ikkje samsvarer med den kvalitative likebehandlinga av dei ulike trus- og livssyn som låg til grunn for faget.

Evalueringa av det daverande faget førte til revisjon av læreplanen, forbetring av fritaksordningane og til at det reviderte faget fekk nytt namn. I Innst. S. nr. 240 (2000–2001) bestemte Stortinget at namnet på det nye faget skulle vere *Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap*.

I høringsbrevet vart det vist til at ei eventuell ny namneendring i dag først og fremst ville ha ein symbolfunksjon. Dessutan er namnet godt innarbeidd i skolen, ikkje minst forkortinga KRL. Namnet atterspeglar hovudinnhaldet i faget, slik det er foreslått i ny § 2–4, og det går direkte fram av namnet at formålet er å gi kunnskap. Departementet fremja derfor ikkje forslag om endring av fagnemninga.

4.3 Fråsegner frå høringsinstansane

Eit fleirtal av høringsinstansane har ikkje merknader, eller støttar i hovudtrekk, høringsforslaget til ny føresegn om KRL-faget og innhaldet i denne. Dei kommunane som uttaler seg, er i hovudsak positive og støttar forslaga. Trus- og livssynssamfunn utanfor den kristne kyrkja er i hovudsak kritiske til forslaga. Det same er instansar som særleg arbeider med spørsmål om rettar.

4.3.1 KRL-faget: innhald og arbeidsmåtar

Seks av høringsinstansane ønskjer i ulik grad endringar i dagens fordeling mellom kristendoms-kunnskap og dei andre emna. *Human-Etisk Forbund* og *Høgskolen i Vestfold* peiker på at kvantitativ forrang for kristendoms-kunnskap også kan gi kvalitativ forrang, slik at dei ulike religionar og livssyn ikkje får kvalitativ lik behandling med dagens fordeling. Human-Etisk Forbund uttaler at

«Dermed blir «grundig» vel så mye en beskrivelse av dybde og nærhet og beskriver dermed også klare kvalitative forskjeller.»

Islamsk Råd foreslår at historiske og kulturelle sider ved kristendommen kan takast opp i andre fag, og at det derfor ikkje er behov for at kristendoms-kunnskap har større kvantitativt omfang.

Universitetet i Oslo og *Fylkesmannen i Østfold* meiner omgrepet evangelisk-luthersk bør gå ut, og knyter det saman med konfesjonsbindinga, som tidlegare gjaldt for kristendomsfaget. Endringa av «tru» får ingen motbør. *Senter mot etnisk diskriminering* og *Fylkesmannen i Sør-Trøndelag* peiker på at omgrepet «kristne» i setninga «fremje forståing og respekt for kristne og humanistiske verdiar» bør endrast til «religiøse og humanistiske verdiar». *Islamsk Råd* peiker i den samanhengen på at gode verdiar bør omtalast som fellesverdiar. To høringsinstansar peiker på at formuleringa «Undervisninga i faget skal ikkje vere forkynnande» er lite presis pedagogisk sett, og *Institutt for Kristen Oppseding* forslår ei meir omfattande formulering.

Fleire av høringsinstansane understrekar på ulike måtar at aktsemd er nødvendig i valet av arbeidsmåtar. *Islamsk Råd* og *Human-Etisk Forbund* meiner at enkelte arbeidsmåtar må utelukkast for å hindre forkynning, og *Islamsk Råd* ønskjer lovregulering av arbeidsmåtene:

«Islamsk Råd ser behov for lovregulering av pedagogiske metoder som fritt kan benyttes i KRL.»

Andre fråsegner støttar samtidig at aktsemda ikkje må hindre at det blir brukt varierte arbeidsmåtar som kan gi variert undervisning og formidle faget sin eigenart, samtidig som dei gir nødvendig distanse.

4.3.2 Føresegna om at den som underviser i KRL-faget, skal ta utgangspunkt i formålsparagrafen for grunnskolen

Departementet foreslo at føresegna om at den som underviser i KRL-faget, skal ta utgangspunkt i formålet i § 1–2, blir fjerna frå føresegna om KRL-faget

i § 2–4. Dette vart foreslått for at den rolla faget har som ordinært og samlande fag for kunnskap, forståing og dialog, skulle bli tydelegare. Ingen av høringsinstansane går imot forslaget, og det blir støtta av eit fleirtal. Høringsinstansar som har merknader, går ikkje imot forslaget, men peiker på at endringa ikkje er tilstrekkeleg til å sikre nøytral og objektiv undervisning. *Norsk senter for menneskerettigheter* uttaler mellom anna:

«Forslaget om å fjerne henvisningen vil ikke i seg selv føre til at undervisningen blir nøytral og objektiv. Skolens kristne formålsparagraf vil gjelde som en generell retningslinje for all undervisning, også KRL-faget.»

Eit betydeleg mindretal av høringsinstansane fremjar forslag om endring av formålsparagrafen når det gjeld leddet «kristen og moralsk oppseding». Dette gjeld særleg høringsinstansar i universitets- og høgskolesektoren og høringsinstansar med tilknytning til trus- og livssynssamfunn, både med kristen og med anna religiøs og livssynsmessig tilknytning. Fleire av forslaga er grundig grunn-gitt, med forslag til nye formuleringar. Det blir m.a. peikt på at dagens formål er eit hinder for eit samlande KRL-fag.

4.3.3 Namnet på faget

I høringsbrevet drøfta departementet namnet på faget, og konkluderte med at ei eventuell namneendring først og fremst ville ha ein symbolfunksjon. På bakgrunn av at namnet er godt innarbeidd i skolen, fremja ikkje departementet forslag om endring.

Fleire av høringsinstansane foreslår nytt namn på faget. Mellom andre *Utdanningsforbundet* peiker på dette:

«Den symboleffekten eit nytt namn kan ha, kan vere verdfull for oppslutninga om faget.»

Human-Etisk Forbund meiner på den andre sida at dei foreslåtte endringane er så lite omfattande at det ikkje er grunnlag for å endre namnet.

4.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Ifølgje fråsegna frå FN's menneskerettskomité, protokollen pkt. 14.2, kan undervisning i religion og etikk vere i samsvar med FN-konvensjonen dersom undervisninga fyller visse vilkår: «[A]rtikkel 18.4 tillater offentlig skoleundervisning i fag som generell religionshistorie og etikk dersom den gis på en nøytral og objektiv måte», og «offentlig opplæring som omfatter undervisning i en særskilt religion el-

ler tro, er ikke i samsvar med artikkel 18 nr. 4 med mindre det er sørget for ikke-diskriminerende fritak eller alternativer som kan imøtekomme ønskene til foreldrene eller vergene.» Det går fram av fråsegna at det berre er når faget ikkje blir undervist på ein nøytral og objektiv måte, at det er behov for fritak.

Departementet vil presisere at KRL-faget, i samsvar med føresegna, ikkje skal vere forkynnande. I denne samanheng er det særleg viktig at undervisninga blir om den religiøse praksisen. Faget skal følgeleg ikkje gi rom for religionsutøving, men gi kunnskap om tru, religionar og livssyn. Dei foreslåtte endringane i § 2–4 om KRL-faget skal medverke til å presisere dette. Saman med Regjeringa sitt vedtak om oppfølging av fråsegna frå FN-komiteen, vil føresegna leggje rammene for utarbeiding av ein ny læreplan i faget og gjere rammene for skolens praksis tydelege.

Høringsbrevet peikte på at arbeidsmåtene vil ha sentral betydning for om innhaldet i faget kan opplevast som religiøs utøving eller vere støytande på andre måtar. Skolane må vere medvitne om dette i den praktiske tilrettelegginga av opplæringa, og vise særleg varsemd ved undervisning i emne som handlar om religiøs praksis, som bønn, gudsteneste og andre former for tilbeding.

4.4.1 KRL-faget: innhald og arbeidsmåtar

Departementet meiner det er viktig at dei ulike verdsreligionane og livssyna får kvalitativt likeverdig behandling. I høringa er det ikkje komme innvendingar mot departementet sitt syn. Departementet har merkt seg at størsteparten av høringsinstansane støttar eller ikkje har merknader til forslaget om framleis å gi kvantitativ prioritet til kristendommen. I forslaget til lovtekst i høringsbrevet er dette foreslått teke vare på ved at beskrivinga av innhaldet i kristendommen inneheld ordet «grunnig». Høringa har i hovudsak gitt støtte til at den betydning kristendommen har hatt for utviklinga av norsk historie og kultur, får ei eiga grunngeving i eit eige punkt. Departementet foreslår derfor, i samsvar med høringsutkastet, at den betydning Bibelen og kristendommen har hatt for kulturarven, får eit eige punkt i føresegna. Den kvalitativt likeverdige behandlinga er foreslått teken vare på ved at dei ulike verdsreligionane og livssyna skal presenterast etter dei same pedagogiske prinsippa.

Departementet har merkt seg fråsegnene om at kvantitativ forrang også kan bety kvalitativ forrang. På den andre sida har kunnskap om kristendommen grunnleggjande betydning for forståinga av norsk og samisk kulturarv. Vidare vil kristendom-

men framleis vere den religionen som i praksis vil vere mest synleg i samfunnet. På dette grunnlaget meiner departementet at kunnskap om kristendommen skal ha kvantitativ forrang, og at dette blir teke vare på gjennom føresegna slik denne er foreslått i høringsutkastet.

I samsvar med høringsutkastet foreslår departementet å endre omgrepet «*evangelisk-luthersk tru*» til «*evangelisk-luthersk kristendomsforståing*». Ved å endre omgrepet tru vil det bli tydelegare at faget er objektivt og nøytralt, og det vil samtidig medverke til å sikre kvalitativt likeverdig behandling av religionar og livssyn. Departementet har merkt seg at enkelte høringsinstansar meiner evangelisk-luthersk kristendomsforståing ikkje bør framhevast. Med bakgrunn i at evangelisk-luthersk kristendomsforståing er den dei fleste skolar og elevar vil møte i sitt lokalmiljø, og dessutan at denne forståinga har prega det norske samfunnet sidan reformasjonen, foreslår departementet å behalde formuleringa i samsvar med høringsutkastet.

Departementet er oppteke av at arbeidsmåtene i faget skal medverke til likeverdig undervisning om religionar og livssyn. Skolane skal i sine val av arbeidsmåtar ikkje velje aktivitetar som har preg av religiøs utøving. Arbeidsmåtene skal medverke til å presentere dei ulike religionar og livssyn ut frå dei- ra eigenart, og dei same pedagogiske prinsippa skal leggjast til grunn.

Samtidig er det viktig at skolane bruker engasjerande og varierte arbeidsmåtar, slik at undervisninga ikkje verkar teoritug og abstrakt. Departementet vil understreke at vala av arbeidsmåtar i KRL-faget skal følgje dei same prinsippa som all anna opplæring og medverke til variert og tilpassa opplæring. Undervisninga må gi elevane kjennskap til forskjellige religionar og livssyn, både som tradisjon og som kjelde til livstolking.

For å understreke betydninga av at skolane er medvitne om varsemd i samband med val av arbeidsmåtar, kan det vere nyttig å vurdere konkrete eksempel. Kunnskap om ulike gudstenester er sentrale læringsmål. Dersom skolen vel som arbeidsmåte å dra til gudshus for å studere korleis gudstenester går føre seg, har det mykje å seie korleis kunnskapsformidlinga skjer. Å delta i gudstenesta gjennom deltaking i bønn, resitasjon, song m.m. vil normalt bli opplevd som religiøs utøving. Å observere gudstenesta vil normalt vere kunnskap om utøving. Det kan vere at elevar og foreldre likevel føler seg utrygge ved at elevane er til stades som observatørar. Da vil elevane kunne melde fritak og få opplæring om den aktuelle gudstenesta på annan måte. God dialog mellom skole og heim kan medverke til å redusere slik utryggje og dermed redusere behovet for fritak.

På same måten kan enkelte teikneaktivitetar opplevast som støytande for elevar og foreldre frå religionar med biletforbod. Oppgåver som føreset teikning av hendingar der personar inngår, vil gi grunnlag for fritak. Ved større valfridom i oppgåver kan skolen medverke til å redusere fritak. Desse to eksempla viser korleis val av arbeidsmåtar stiller skolen overfor utfordringar om å vise aktsemd og varsemd, slik at formidlinga av kunnskapsstoffet medverkar til objektiv og nøytral undervisning som kan samle alle elevane.

Høringsfråsegnene underbyggjer betydninga av arbeidsmåtene og kravet om at skolane er medvitne i vala av arbeidsmåtar. Departementet foreslår derfor å behalde lovteksten i samsvar med høringsutkastet når det gjeld prinsippa for opplæringa. Gjennom ny læreplan og rettleiing til skolane vil det bli presisert at skolane må vise særleg aktsemd ved val og praktisering av arbeidsmåtar, og sjå til at når elevar får fritak frå delar av den ordinære undervisninga, blir det følgd opp med eigna tilbod om tilpassa opplæring.

4.4.2 *Føresegna om at den som underviser i KRL-faget, skal ta utgangspunkt i formålsparagrafen for grunnskolen*

Departementet har merkt seg at ingen av høringsinstansane har gått imot forslaget frå høringsutkastet om å fjerne tilvisinga til formålet i § 1–2 frå føresegna om KRL-faget i § 2–4. Etter departementet si vurdering vil denne endringa medverke til at faget si rolle som eit ordinært og samlande fag for kunnskap, forståing og dialog blir tydelegare. Samtidig vil moglege spenningar og motsetning mellom skolens formål og § 2–4 bli fjerna, noko som vil komme fråsegna frå FN-komiteen på dette punktet til møtes. Departementet vil derfor fjerne tilvisinga til formålet i § 1–2 frå føresegna om KRL-faget i § 2–4, i samsvar med høringsutkastet.

Departementet har også merkt seg at fleire av høringsinstansane foreslår å endre formålet for skolen når det gjeld leddet «kristen og moralsk oppseding». Departementet tek desse synspunkta til etterretning, men held fast ved at KRL-faget er eit ordinært skolefag på linje med andre fag. Dette er ytterlegare understreka gjennom forslaget til ny § 2–4, der det ikkje er noka spesiell tilvising til formålet med opplæringa. Departementet meiner at om formålet med skolen skal takast opp til vurdering, må det vere i ein annen og atskilleg breiare samanheng enn i høve til KRL-faget aleine. Departementet foreslår derfor ingen endringar i formålsføresegna i opplæringslova § 1–2.

4.4.3 *Namnet på faget*

Namnet på faget, slik det er i dag, vart fastsett av Stortinget i behandlinga av Innst. S. nr. 240 (2000–2001). Evalueringa av det daverande faget førte til revisjon av læreplanen og til forbetring av fritaksordninga.

Departementet viser til at eit fleirtal av høringsinstansane ikkje har merknader til, eller i hovudtrekk støttar, høringsforslaget om å behalde namnet på KRL-faget slik det er. Samtidig har departementet merkt seg synspunkta frå enkelte høringsinstansar om at ei namneendring vil ha symboleffekt og vere verdifull for oppslutninga om faget.

Departementet er samd i at ei eventuell ny namneendring i dag først og fremst ville ha ein symbolfunksjon. På den andre sida er namnet godt innarbeidd i skolen, ikkje minst forkortinga KRL. Namnet atterspeglar dessutan hovudinnhaldet i faget, slik det er foreslått i ny § 2–4, og det går direkte fram av namnet at formålet er å gi kunnskap. Vidare meiner departementet at namnet, slik det er, kan medverke til kvalitativ likebehandling av dei ulike trus- og livssyna, samtidig som det understrekar det kvantitative fortrinnet kristendomskunnskapen skal ha.

Departementet vil derfor ikkje fremje forslag om endring av namnet på faget.

5 Fritaksretten

5.1 Gjeldande rett

Opplæringslova § 2–4 fjerde og femte ledd har i dag denne ordlyden:

«Eleven skal etter skriftleg melding frå foreldre få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skolen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av annan religion eller tilslutning til anna livssyn. Dette kan m.a. vere religiøse aktivitetar i eller utanfor klasserommet. Skolen skal ved melding om fritak, så langt det er råd og særleg på småskoletrinnet, søkje å finne løysingar ved å leggje til rette for differensiert undervisning innanfor læreplanen.

Elevar som har fylt 15 år, gir sjølv skriftleg melding som nemnd i fjerde leddet.»

Etter føresegna skal elevane ha fritak frå dei delar av grunnskoleopplæringa som det ut frå eigen religion eller eige livssyn er rimeleg å oppleve som utøving av annan religion eller tilslutning til anna livssyn enn eiga tru eller eige livssyn. Etter Ot.prp. nr. 46 (1997–98) vil dette i hovudsak vere å seie

fram truvedkjenningar eller bønner, lære religiøse tekstar utanåt, delta i salmesong og å vere til stades i ritual eller gudstenester i ulike trussamfunn. Elevar som har fylt 15 år, kan sjølv gi melding om fritak. Retten til fritak gjeld alle skolefag og aktivitetar. Fritaksretten gjeld avgrensa delar av undervisninga og gir f.eks. ikkje rett til fritak frå heile faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap. Elevar som er fritekne, skal så langt det er mogleg, få tilbod om tilpassa undervisning innanfor læreplanen.

Den delvise fritaksretten skal i praksis sikrast ved ein enkel meldingsprosedyre, jf. rundskriv F-32–01 og meldingsskjema for fritak utarbeidd av departementet i oktober 2001. Meldingsskjemaet skil mellom aktivitetar som det kan *meldast* fritak frå og undervisning som det må *søkjast* om fritak frå. Meldingsskjemaet (del A) er utforma slik at det er elev- og foreldrebestemt fritak frå åtte ulike aktivitetstypar (religiøst prega aktivitetar). Slik melding er skolen forplikta til å godta utan nærmare vurdering. Ved søknad om fritak (del B) må det givast nærmare grunnar. Det skal mykje til før skolen kan avslå ein søknad frå foreldre om avgrensa fritak. Ved melding eller søknad om fritak er foreldra ikkje forplikta til å bruke meldingsskjemaet.

Opplæringslova § 2–4 fjerde og femte ledd gjeld tilsvarende for friskolar, jf. friskolelova § 3–12. Retten til fritak gjeld ikkje for elevar i frittstående skolar som byggjer på eit religiøst og/eller etisk grunnlag. Dette inneber at desse elevane ikkje kan be seg fritekne frå dei delane av undervisninga som inneber utøving av den religionen og/eller det etiske grunnlaget skolen byggjer på.

5.2 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet foreslo departementet å forenkle meldingsprosedyrane slik at skriftleg krav om grunngeving frå foreldra/eleven går ut, og at det vil vere tilstrekkeleg at foreldra/eleven skriftleg melder om delvis fritak frå spesielle typar aktivitetar i alle tilfelle der dei ønskjer dette. Det er skolen som må grunngi at fritak eventuelt ikkje blir gitt.

Departementet understreka at utgangspunktet for fritak er det foreldra/eleven opplever som religiøs utøving eller tilslutning til annan religion eller anna livssyn. Fritaksretten må praktiserast på ein romsleg og fleksibel måte. Det må likevel vere ei grense, slik at det ikkje blir for vidtgående fritak eller fullt fritak. Dét ville velte intensjonane med faget. Det skal ikkje være mogleg å velje seg bort frå kunnskap om andre religionar og livssyn, men det skal vere høve til fritak frå aktivitetar som kan opp-

levast som religiøs utøving som den enkelte ikkje vil delta i eller vere til stades ved. Departementet viser i denne samanhengen til at folkeretten ikkje er til hinder for at kunnskap om religionar, generell religionshistorie og etikk blir gjord obligatorisk. Eit for vidtgående fritak kan også vere vanskeleg å sameine med staten si plikt og barna sin rett til undervisning etter barnekonvensjonen art. 29 og konvensjonen om økonomiske og sosiale rettgar art. 13. Meldingsordninga må innebere at foreldra kan velje å ta barnet fri frå bestemte aktivitetar og arbeidsformer, og at skolen i slike tilfelle må leggje til rette for tilpassa undervisning. Departementet foreslo at det blir presisert i opplæringslova at dersom skolen ikkje godtek melding om delvis fritak, må skolen behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

Departementet foreslo å føre vidare regelen om at eleven så langt som mogleg får tilpassa opplæring innanfor læreplanen når det blir meldt om fritak. Fritekne elevar skal da arbeide med faget innanfor den same læreplanen, men på andre måtar enn dei andre elevane. Dette skal sikre at elevar med fritak får tilsvarende kunnskapar som dei andre elevane. Undervisninga skal tilpassast til den bakgrunn og dei føresetnader eleven har, slik at omsynet til overtydinga til eleven og foreldra blir teke vare på.

I høringsutkastet uttalte departementet at generell informasjon og god dialog med foreldra er viktig for å sikre den delvise fritaksretten. Departementet foreslo derfor at det bør takast inn ei føresegn i opplæringslova som inneber plikt for den enkelte skolen til kvart år å gi informasjon om fritaksreglane til foreldra/elevene, slik at dei er sikra nødvendig kunnskap om fritaksretten.

Departementet uttalte at ein viktig føresetnad for at fritaksordninga skal fungere, er at skolen sørgjer for at meldingar om fritak blir etterlevde. Departementet foreslo at det bør presiserast i lova at det er skolen sitt ansvar å sjå til at fritak blir gjennomført når foreldra/eleven har meldt frå om det, slik at dei føresette sine rettgar blir sikra. Dersom foreldra/eleven meiner at skolen forsømmer å gjennomføre fritaket, kan dei vende seg til fylkesmannen, som fører tilsyn med all verksemd etter opplæringslova og med skolar som er godkjende etter friskolelova, jf. opplæringslova § 14–1, friskolelova § 7–2 og delegasjonsbrev frå Utdanningsdirektoratet 29.06.2004.

Departementet foreslo vidare at uttrykket *religiøse aktivitetar* blir endra til *aktivitetar*, slik at lovteksten ikkje gir inntrykk av at det er tillate med undervisning som er forkynnande. Dei aktivitetane det kan meldast fritak frå, er aktivitetar som er rele-

vante for å gi elevane innblikk i ritual og særpreg ved ulike religionar, og er ein del av den ordinære pedagogiske verksemda i skolen.

I høringsbrevet viste departementet til at føresegna om fritak i dag er plassert i opplæringslova § 2–4 *Undervisninga i faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap. Fritak frå religiøse aktivitetar m.m.* Når reglar om undervisninga i faget og reglar om fritak er kopla i same paragraf, ligg det nær å tru at fritaket primært gjeld KRL-faget. Departementet meiner at eit skilje mellom føresegna om fritak og føresegna om KRL-faget vil gjere det tydeleg at føresegna om delvis fritak gjeld heile verksemda i skolen. Erfaring viser at det ut frå omsynet til eige livssyn også er funne grunnlag for å innvilge fritak frå enkelte delar av undervisninga i andre fag, deriblant kroppsøving og heimkunnskap. På denne bakgrunn foreslo departementet å skilje ut fritaksføresegna som eigen paragraf i opplæringslova. Føresegna vil bli plassert som ein ny § 2–3 a for å understreke at ho gjeld fritak frå alt innhald som er regulert i § 2–3.

5.3 Fråseigner frå høringsinstansane

Størsteparten av høringsinstansane har anten ikkje merknader til forslaga frå departementet eller gir positivt uttrykk for at dei sluttar seg til forslaga. Det er likevel fleire høringsstansar som er usamde i forslaga i høringsutkastet eller delar av forslaga.

Human-Etisk Forbund kan ikkje sjå at dei foreslåtte tiltaka på nokon måte sikrar foreldreretten etter artikkel 18 på ein slik måte at vidare konvensjonsbrott blir hindra.

Holistisk forbund meiner at fritaksretten ikkje er underlagd realitetsendringar, i og med at skolen skal ha rett til å overprøve foreldra sine opplevingar av kva som er kunnskapsformidling og kva som er religiøs påverknad.

Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) uttaler m.a. at departementet bør arbeide for å vinne brei semje om kva faginnhald og pedagogisk tilnærming som er fagorientert, og kva som kan oppfatast som religionsutøving.

Kontaktutvalet mellom innvandrarak og myndighetene (KIM) uttaler m.a.:

«Slik Kontaktutvalget tolker høringsutkastet, ser vi ikke de store forskjellene mellom dagens ordning og det nye forslaget. Dagens ordning har begrenset fritak. Det vil også den nye ordningen ha..»

Vidare uttaler KIM:

«Kontaktutvalgets innvendinger går på at departementet tilsynelatende åpner opp for prakti-

sering av skjønn. I realiteten signaliserer teksten status quo.»

Norsk Skolelederforbund uttaler at forslaga fangar opp den kritikken som er reist frå komiteen.

Det teologiske menighetsfakultetet (MF) støttar i hovudsak forslaga, men meiner at orda «openbert er kunnskapsformidling» er uheldig – da det nett-opp er dette som vil vere omstridd og avhengig av religiøs eller livssynsmessig ståstad. Det same synet gir også *Høgskolen i Volda* uttrykk for, og peiker samtidig på at mykje av det som blir kalla kunnskap, kan opplevast som krenkjande. Fleire av høringsinstansane viser til at dersom det skal vere mogleg å praktisere denne regelen, må læreplanen formast ut slik at det som openbert ikkje skal oppfatast som rein kunnskapsformidling, kjem tydeleg fram i teksten.

Kirkelig pedagogisk senter (IKO) viser til sjølve lovforslaget i høringa, som med utgangspunkt i omgrepet kunnskapsformidling legg ei avgrensing på høvet til fritak, og uttaler:

«Vi vil gjøre departementet oppmerksom på at dette ikke på noe fundamentalt vis løser problemet, men snarere forflytter det til et spørsmål om hvem som skal definere innholdet i begrepene «kunnskap» og «kunnskapsformidling». Vi ser departementets dekning for barnets rett til å få kunnskap i departementets egen henvisning til folkeretten (i pkt. 3.2.) og vi støtter departementet i sak. Vi mener likevel avsnittet bør utgå da vi opplever en slik presisering i lovsform for å være unødvendig.»

Fylkesmannen i Østfold støttar i hovudsak forslaget, men har nokre merknader. Fylkesmannen viser m.a. til at det kan oppfatast som ein mangel på konsekvens når det i eit ordinært skolefag skal givast høve til (delvis) fritak. Fylkesmannen uttaler:

«Det kan hevdes at deltakelse i religiøse aktiviteter ut fra lovens beskrivelse av faget, ikke skal finne sted, og at elevenes deltakelse i religiøse aktiviteter som del av undervisningen, derfor vil være lovstridig. Dermed skulle fritaksbestemmelsen egentlig være overflødig.

Bestemmelsen har vært forstått slik at det for foreldrene/eleven kan være nok at bestemte aktiviteter subjektivt oppleves som religionsutøvelse, selv om skolen mener at de objektivt sett ikke er det. Denne bestemmelsen er likevel kanskje nødvendig som en «sikkerhetsventil», som kan tjene til at konflikter i grenselandet mellom som objektivt sett ikke skal være religionsutøvelse, men som subjektivt oppleves som det, unngås.»

Fylkesmannen i Østfold støttar forslaget om at ordlyden i lova blir endra til «Fritak for aktivitetar m.m. i opplæringa». Fylkesmannen uttaler vidare:

«Fritak for aktiviteter kan vel også være aktuelt i fag som kroppsøving (for eksempel antrekk, dusjing, dans m.m.) eller for enkelte aktiviteter i musikkfaget som av noen kan oppfattes som støtende. Slike aktiviteter vil neppe kunne betegnes som religionsutøvelse, men som uakseptable ut fra elevens kulturelle bakgrunn.»

Fylkesmannen foreslår derfor at det blir teke inn i lovteksten at det også kan meldast om fritak på slikt grunnlag.

Fylkesmannen i Østfold forstår lovforslaget slik at eleven ved fritak pliktar å delta i eit alternativt tilbod, og at eleven ikkje i noko tilfelle skal ha fri frå pliktig undervisning. Fylkesmannen meiner dette bør klargjerast i lova eller i proposisjonen.

Oslo kommune uttaler:

«Oslo kommune mener at det må være adgang til fullt fritak fra KRL-faget, inntil det etableres et nytt felles livssyns-, kunnskaps-, etikk- og verdifag til erstatning for dagens KRL-fag som kan omfatte alle elever. Endringene regjeringen foreslår sikrer ikke den frihet foreldrene skal ha til selv å sørge for sine barns religiøse og moralske oppdragelse, idet verken innhold i faget eller fritaksadgang foreslås endret i vesentlig grad.

Oslo kommune foreslår at plikten til å informere om reglene for fritak legges til skoleeier. Dette vil på en bedre måte ivareta kommunens mulighet til selv å organisere sin virksomhet.»

Sametinget er oppteke av at eit delvis fritak frå KRL-faget, så langt det er mogleg, ikkje må stigmatisere dei elevane som har delvis fritak, og uttaler m.a.:

«Ved hjelp av pedagogisk differensiering kan man i stor grad forhindre at elever med delvis fritak behøver å føle seg utenfor klassenes/gruppens sosiale tilknytning. Derfor bør sosial tilhørighet og et inkluderende miljø tillegges stor vekt i slike tilfeller.»

Somme av høringsinstansane påpeiker at faget burde vere slik utforma at spørsmålet om fritak ikkje blir aktualisert. *Utdanningsforbundet* peiker på at utforminga av den nye læreplanen i faget vil vere viktig, og meiner at den endelege behandlinga av fritaksspørsmålet må utsetjast til ein kan sjå lovverket og læreplanen i samanheng.

5.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet viser til at forslaga i det store og heile får støtte av høringsinstansane, men på grunnlag av enkelte innspel foreslår departementet nokre endringar i høve til høringsutkastet.

Det går fram av fråsegna frå komiteen at det berre er når faget ikkje blir gitt på ein nøytral og objektiv måte, at det er behov for fritak. Departementet vil presisere at KRL-faget ikkje inneber religionsutøving. Dette skal også komme til uttrykk og atterspeglast i den nye læreplanen for faget. Vidare skal lærestoffet behandlast på ein fagleg og sakleg måte; det vil seie at faget skal vere objektivt. På denne bakgrunn meiner departementet at det i utgangspunktet ikkje er behov for ei eiga fritaksføresegn.

Når det i opplæringslova likevel blir opna for høve til fritak, er dette grunnlagt med at det kan oppstå situasjonar som enkelte foreldre og elevar subjektivt kan oppleve som religionsutøving eller tilslutning til anna livssyn. Retten til fritak uttrykkjer respekt for foreldre og elevar som ut frå eigen religion eller eige livssyn kan oppleve delar av den ordinære undervisninga som problematisk, trass i at det er forbod mot forkynning. Føresegna blir vurdert som ein nødvendig «sikringsventil», som kan tene til å unngå konflikthar i grenselandet mellom det som objektivt sett ikkje skal vere religionsutøving, men som subjektivt kan bli opplevd som det.

Departementet foreslår, i samsvar med høringsutkastet, å endre uttrykket «religiøse aktivitetar» til «aktivitetar». Passusen «religiøse aktivitetar» i gjeldande regelverk kan bli forstått slik at religiøse aktivitetar kan ha plass i KRL-faget. Departementet har vurdert det slik at det er behov for ei ytterlegare tydeleggjering av at faget ikkje er eit fag for forkynning og religionsutøving. Fleire høringsinstansar uttrykkjer positivt at dei støttar endringa, slik at lovteksten ikkje misvisande gir inntrykk av at det er tillate med undervisning som er forkynnande.

I samsvar med høringsutkastet går departementet inn for at fritaksordninga blir avgrensa slik at det ikkje skal vere mogleg å velje seg bort frå kunnskap om andre religionar og livssyn. Departementet viser i denne samanheng til den plikt staten har og den rett barna har til undervisning etter internasjonale konvensjonar. Ei slik avgrensing må takast inn i lova, slik at lovteksten ikkje tilsynelatande gir uttrykk for at det kan meldast fritak frå f.eks. heile KRL-faget. Fleire høringsinstansar uttrykkjer positivt si støtte til at avgrensinga i høvet til fritak blir gjord tydeleg.

Departementet merkjer seg at fleire av hørings-

instansane har innvendingar mot formuleringa «openbert er kunnskapsformidling», som grunnlag for å avgrense høvet til fritak. Det blir m.a. peikt på at skiljet mellom det som openbert er kunnskapsformidling og det som openbert ikkje er kunnskapsformidling, er problematisk sett ut frå dagens allmenne forståing av god pedagogikk. Departementet har komme til at formuleringa «openbert er kunnskapsformidling» er uheldig, fordi passusen ikkje er tilstrekkeleg klar med omsyn til korleis fritaksføresegna skal praktiserast. Departementet foreslår på denne bakgrunn å forme ut lovteksten slik at det blir gjort tydeleg at det er opplæring om kunnskapsinnhaldet i dei ulike emna i læreplanen det ikkje kan krevjast fritak frå. Høvet til fritak knyter seg til konkrete aktivitetar eller arbeidsmåtar som av enkelte med rimeleg grunn kan oppfatast som religionsutøving eller tilslutning til anna livssyn.

På bakgrunn av høringsfråsegner foreslår departementet å presisere i lovteksten at det også kan meldast fritak frå enkelte aktivitetar som kan oppfatast som støytande eller krenkjande. Det kan vere foreldre eller elevar som ønskjer å reservere seg mot delar av opplæringa av overtydingsgrunnar. Dette kan gjelde delar av opplæringa i heimkunnskap eller aktivitetar som dans i kroppsøvingstimen, som neppe kan oppfatast som religionsutøving eller tilslutning til anna livssyn, men som kan vere uakseptable ut frå elevens kulturelle bakgrunn eller fordi aktiviteten blir opplevd som brott på etiske reglar i eigen religion eller eige livssyn.

I samsvar med høringsutkastet foreslår departementet at føresette og elevar som har fylt 15 år, kvart år skal få informasjon om reglane for fritak. På bakgrunn av høringsfråsegna frå Oslo kommune foreslår departementet, i motsetning til høringsforslaget, at plikta til å informere blir lagd til skoleeigaren, ikkje til skolen. Lovforslaget inneber at føresette årleg skal få informasjon om høvet til fritak. Departementet vil utarbeide ei rettleiing som skolen kan nytte i denne samanhengen.

Skolen har elles generell rettleiingsplikt etter forvaltningslova; dette inneber at skolen har plikt til å gi rettleiing om den planlagde undervisninga, dvs. om fag og opplæringsmål, arbeidsformer og arbeidsplanar for undervisninga når foreldre eller elevar ber om det.

Departementet har merkt seg dei høringsfråsegnene der det blir innvendt at det ikkje er foreslått tiltak som svarer på kritikken frå FN-komiteen om at det blir stilt urimelege krav til foreldre ved at dei må setje seg inn i læreplanen, metodikken m.m., dersom dei ønskjer å nytte seg av fritaksretten. Det blir innvendt at generell informasjon ikkje vil avhjelpe dette.

Departementet er oppteke av at faget skal vere eit samlande fag som færrast mogleg ber om fritak frå. Lova fastset at KRL-faget er eit ikkje-forkynnan- de fag, og ny læreplan skal gjere det tydeleg at KRL-faget ikkje skal omfatte religionsutøving. Departementet meiner at behovet for fritak dermed vil vere avgrensa.

I samsvar med høringsutkastet foreslår departementet å skilje ut fritaksføresegna som eigen paragraf i opplæringslova, slik at det blir tydeleg at høvet til fritak ikkje berre er knytt til undervisning i KRL-faget, men til all opplæring i grunnskolen.

I samsvar med høringsutkastet foreslår departementet at det også blir presisert i lova at det er skolen sitt ansvar å sjå til at fritak blir gjennomført når foreldre eller eleven har meldt frå om dette, slik at rettane deira blir sikra.

I samsvar med høringsforslaget går departementet inn for at meldingsprosedyrane for fritak slik dei er i dag, blir forenkla, sjå beskrivinga av dagens praktisering under pkt. 4.2, der det er skilt mellom melding og grunnleggjande søknad. Forenkling av meldingsprosedyrane krev ikkje lovendring, men er teken inn som del av regjeringa si oppfølging av fråsegna frå FN-komiteen, for å komme til møtes synspunkta om at kravet om grunnleggjande fritak skaper ei hindring for foreldre som ønskjer fritak. Utover det at det må visast til at den eller dei aktuelle aktivitetane som det blir søkt fritak frå ut frå eige livssyn, blir opplevd(e) som utøving av annan religion eller tilslutning til anna livssyn, eller som brott på etiske reglar i eigen religion eller eige livssyn, vil det med forenkla meldingsrutine ikkje i noko tilfelle bli stilt krav om søknad med særskild grunnleggjande. Ingen foreldre eller elevar skal oppleve at dei må pressast til å stå fram med eit bestemt livssyn. På bakgrunn av innspel frå enkelte høringsinstansar foreslår departementet å ta inn i lova at det ikkje vil vere nødvendig å grunnleggjande melding om fritak.

I samsvar med høringsforslaget vil departementet føre vidare føresegna om at melding om fritak skal vere skriftleg. Det må også gå fram av meldinga kva for aktivitetar det blir meldt fritak frå. Dersom skolen i eit konkret tilfelle kjem til at eleven ikkje med rimeleg grunn kan oppleve aktiviteten som utøving av annan religion eller tilslutning til anna livssyn, er det skolen som må grunnleggjande, i enkeltvedtaks form, kvifor det ikkje kan givast fritak. Grensene for fritaksretten må ikkje vatnast ut ved at kunnskapsstoff kan veljast bort. Når det gjeld avgrensinga i fritaksordninga, viser departementet til utgreiinga i pkt. 4.2 og til vurderinga ovanfor.

Departementet vil understreke at når elevar er fritekne frå delar av undervisninga etter fritaksføre-

segna, skal dei få andre pedagogiske opplegg frå skolen. Dette inneber at eleven skal få tilbod om tilpassa undervisning. Eleven skal ikkje i noko tilfelle ha fri frå pliktig undervisning. Gjennomføringa av undervisninga må avtalast i dialog mellom foreldra og skolen. Fritaket skal baserast på pedagogisk tilrettelegging og vil bestå i at elvane ikkje deltek i eller er til stades ved bestemte aktivitetar. Departementet merkjer seg innvendinga frå enkelte høringsinstansar om at det må komme tydelegare fram i lova at elevar med delvis fritak skal ha tilrettelagd undervisning innanfor læreplanen når det er meldt om fritak. Fylkesmannen i Oslo og Akershus peiker m.a. på at det er vanskeleg å finne eksempel på kunnskapsområde innanfor m.a. KRL-faget der det ikkje finst alternative tilnæringsmetodar som skolane kan nytte i tilpassa opplæring. Norsk Lærakademi foreslår også at framfor rett til fritak bør det heller vere tale om rett til tilpassa opplæring. På bakgrunn av innvendingane frå høringsinstansane foreslår departementet at lovteksten blir endra slik at det kjem tydeleg fram at skolen har plikt til å tilpasse undervisninga. Ein slik regel vil harmonere med den generelle føresegna i opplæringslova § 1–2 om at opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene til den enkelte eleven.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringa i opplæringslova § 2–4 og fritaksreglane kan medføre auka behov for informasjon til skolane og skoleeigarane, men departementet føreset at dette kan dekkjast innanfor eksisterande budsjettammer. I samband med iverksetjinga av *Kunnskapsløftet* er det allereie sett av midlar til utvikling av nye læreplanar. Ny læreplan i KRL-faget vil derfor ikkje medføre kostnader utover det som alt er sett av til formålet. Derimot vil iverksetjinga av læreplanen allereie frå hausten 2005 forsere eit behov for styrkt kompetanse hos lærarane. Departementet vil starte kompetanseutviklinga umiddelbart når ny læreplan ligg føre. Dette vil medføre kostnader til kompetanseheving på eit tidlegare tidspunkt enn føresett. Departementet vil komme tilbake til dette i dei ordinære dokumenta til Stortinget om statsbudsjettet.

7 Merknader til dei enkelte føresegnene i lovforslaget

7.1 Endringer i opplæringslova

Til ny § 2–3a

Tidlegare føresegn i § 2–4 fjerde og femte ledd, om fritak frå opplæring, er skild ut som eiga føresegn i ny § 2–3a for å gjere det tydeleg at høvet til fritak ikkje berre er knytt til faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap, men til heile grunnskoleopplæringa, som er regulert i § 2–3. Det er teke inn enkelte presiseringar og endringar i fritaksføresegna. Departementet viser til vurderingane og forslaget i punkt 5.4.

Orda «religiøse aktivitetar» i *overskrifta* til føresegna er endra til «aktivitetar» fordi tidlegare ordlyd misvisande gav inntrykk av at det er tillate med undervisning som er forkynnande.

Første ledd i føresegna presiserer at det kan meldast fritak frå aktivitetar som av den enkelte blir oppfatta som støytande eller krenkjande ut frå eigen religion eller eige livssyn, i tillegg til aktivitetar som blir oppfatta som religionsutøving eller tilslutning til anna livssyn.

Andre ledd presiserer at det ikkje kan krevjast fritak frå kunnskap om dei ulike emna i læreplanen. Fritaksretten gjeld fritak frå aktivitetar som med rimeleg grunn kan opplevast som utøving av annan religion eller tilslutning til anna livssyn, eller som støytande eller krenkjande.

Andre ledd presiserer vidare at forvaltningslova skal gjelde dersom skolen ikkje godtek meldinga om fritak. *Tredje ledd* presiserer at skolen har ansvar for å sjå til at fritak blir gjennomført når det er meldt om fritak. Lovteksten viser til at eleven har rett til tilpassa opplæring når det er meldt om fritak frå aktivitetar og ulike arbeidsmåtar, jf. opplæringslova § 1–2 femte ledd. Det vil seie at eleven skal få same kunnskapen som dei andre elevane, men på ein annan måte.

Føresegna i *fjerde ledd* er ny og slår fast at kommunen årleg har plikt til å informere elevane og foreldra til elevar under 15 år om reglane for fritak. *Femte ledd* er ei vidareføring av § 2–4 femte ledd.

Til § 2–4 første ledd

Omgrepet «evangelisk-luthersk tru» er endra til «evangelisk-luthersk kristendomsforståing» for å fjerne inntrykket av truselement og for å sikre kvalitativt likeverdig behandling av religionar og livssyn. Omgrepet er flytt frå strekpunkt éin til strekpunkt to, og ordet «grundig» er teke inn i strek-

punkt to. Departementet viser til pkt. 4.2.1 og vurderingane og forslaget frå departementet i punkt 4.4.1. Orda «etiske og filosofiske emne» er flytte frå strekpunkt tre til nytt strekpunkt fire for betre å synleggjere at kristendomskunnskap og kunnskap om andre religionar og livssyn skal givast kvalitativt lik behandling. Forslaget inneber ingen substansielle endringar.

Som følgje av at det er tilføydd eit nytt strekpunkt fire, er dei etterfølgjande strekpunkta blitt forskyvde.

Til § 2–4 tredje ledd

Orda «ta utgangspunkt i grunnskolen sin føremålsparagraf i § 1–2 og» er tatt bort. Sjø vurderingane og forslaget i punkt 4.4.2. Ordet «religionar» er erstatta med «verdsreligionar» for å bringe teksten i samsvar med første ledd, strekpunkt tre.

Til § 2–12 andre ledd

Endringa inneber at ny § 2–3a er teken inn i lista over dei reglar i lova som gjeld private grunnskolar.

7.2 Endringer i friskolelova

Til § 3–12

Endringa inneber at tilvisinga til opplæringslova § 2–4 fjerde og femte ledd er fjerna og erstatta med tilvising til ny § 2–3a i opplæringslova.

Tidlegare andre ledd i § 3–12, som viser til at forvaltningslova gjelder ved vedtak etter føresegna, er fjerna. Tilvising om bruk av forvaltningslova er teken inn i opplæringslova § 2–3a, som gjeld tilsvarende for friskolar.

For friskolar må ordet «skoleeigaren» i opplæringslova § 2–3a fjerde ledd forståast som «styret for skolen», fordi det er skolestyret som er den øvste ansvarlege for den enkelte friskolen.

Utdannings- og forskningsdepartementet

t i l r å r:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringer i opplæringslova og friskolelova.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringer i opplæringslova og friskolelova i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i opplæringslova og friskolelova

I

I lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir det gjort følgjande endringar:

Ny § 2–3 a skal lyde:

§ 2–3 a Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa

Elevar skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skolen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande.

Det kan ikkje krevjast fritak frå opplæring om kunnskapsinnhaldet i dei ulike emna i læreplanen. Dersom skolen på eit slikt grunnlag ikkje godtek ei melding om fritak, må skolen behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

Skolen skal ved melding om fritak sjå til at fritaket blir gjennomført, og leggje til rette for tilpassa opplæring innanfor læreplanen.

Skoleeigaren skal årleg informere elevane og foreldra til elevar under 15 år om reglane for fritak.

Elevar som har fylt 15 år, gir sjølv skriftleg melding som nemnt i første ledd.

§ 2–4 skal lyde:

§ 2–4 Undervisninga i faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap

Undervisninga i kristendoms-, religions- og livssynskunnskap skal

- gi grundig kjennskap til Bibelen og kristendommen som *kulturarv*
- gi grundig kjennskap til evangelisk-luthersk kristendomsforståing og ulike kristne kyrkjesamfunn
- gi kjennskap til andre verdsreligionar og livssyn

- gi kjennskap til etiske og filosofiske emne
- fremje forståing og respekt for kristne og humanistiske verdiar
- fremje forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulik oppfatning av trudoms- og livssynsspørsmål.

Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap er eit ordinært skolefag som normalt skal samle alle elevar. Undervisninga i faget skal ikkje vere forkynnande.

Den som skal undervise i kristendoms-, religions- og livssynskunnskap, skal presentere kristendommen, dei ulike verdsreligionar og livssyn ut frå deira eigenart. Dei same pedagogiske prinsippa skal leggjast til grunn for undervisninga i dei ulike emna.

§ 2–12 andre ledd skal lyde:

§§ 1–2, 1–3, 2–3, 2–3 a og 2–4 i lova med forskrifter gjeld for innhaldet og for vurdering i privat grunnskole så langt reglane ikkje kjem i strid med Noregs folkerettslege plikter.

II

I lov 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skolar blir det gjort følgjande endringar:

§ 3–12 skal lyde:

§ 3–12 Fritak frå aktivitetar m.m.

Opplæringslova § 2–3 a gjeld tilsvarande for elevar i grunnskolar godkjende etter lova her. Retten til fritak frå aktivitetar m.m. gjeld likevel ikkje for elevar i grunnskolar som er oppretta av religiøse eller etiske grunnar.

III

Lova gjeld frå det tidspunkt Kongen fastset.